



HØYDALSMO IL

BYGGING AV SNOANLEGGET I HUKA ER I GANG ! Fantastisk dugnadsinnsats laurdag og søndag 19 og 20. september!

Høydalsmo IL starta 05.09.2009 opp bygging av snoanlegget i Huka.
Dette anlegget skal produsere sno til Huka bakken og til ei 1200 m skiløype med start og innkomst i hesteskoen på Huka.
Det er meininga at denne løypa også skal få ljøs når alt er ferdig utbygd. Heile anlegget er kostnadsrekna til 2.3 mill eks mva.

Styret i HIL har sett ned ein anleggskomite som leier arbeidet :
Det er leiar Sverre Bakke, Bjarne Lofthus, Tor Anders Solberg og Åge Åmot .

Dersom alt går vår veg og været held seg utover hausten reknar vi med at snoanlegget vert ferdig i løpet av oktober eller fyrst i november.

Anlegget hentar vatn frå ei tjønn på toppen av åsen opp for Huka. Det er om lag 500 m opp til tjønna frå toppen av Huka.



Frå Tjønna



Bjarne Lofthus i full sving

Laurdag 19.09.09 var det stor dugnad nede i Huka. Her skulle leggest ca. 700 m med vassrøyr og luftrøyr m.m .

Vi har ein heilt utruleg dugnadsinnsats bak oss, i helga. Grøftene vart grave, det meste av røyr vart lagt og ein del ”pukking” og attgraving vart gjort.

Laurdag stilte 20 personar, 6 gravemaskiner, 4 store traktorar med hengar og 2 firehjulingar.

Det er utruleg flott og inspirerende gjeng å jobbe med. Her fint ikkje problem som ikkje kan løysast.



Matøkt 5. sept

Bilde frå 19.09.09





Her er eit lag med røyrlaggarar



Byggland og Grønlid monterar røyrdelar



Felles Matpause med servering av gryterett, organisert av Margareth Grønlid



Her er planleggaren himself Tor Anders Solberg i orange bukse



Høydalsmo 20.09.09

Reporter og foto Sverre Bakke